



Bergen, desember 2018

## Skoleskyss – Ny praksis ved delt bustad og nærskole

For elevar med delt bustad har retten til skoleskyss og nærskole til no vore knytt til eleven sin folkeregistrerte adresse. I dei tilfella eleven har gått på nærskolen til den andre adressa har kommunen hatt ansvaret for skoleskyssen.

Skyss endrar no praksis, slik at begge foreldra sine heimeadresser frå no av blir rekna som likeverdige. Det inneber at eleven kan velje kva bustad som skal være utgangspunkt for nærskole i samband med skoleskyss. Dette gjeld uavhengig av bustadfordeling. Vurderingar knytt til forsvarleg reisetid vil likevel kunne avgrense rett til skyss på begge bustadene (Udir-3-2009).

Valfridom av nærskole i samband med skoleskyss føreset at foreldra bur i same kommune. Bustadadresser i ulike kommunar avgrensar ikkje retten til skyss, men nærskolen må då vere i den kommunen eleven er folkeregistrert og som har opplæringsansvaret for eleven.

Endringa gjeld frå skolestart 2018/19. Skoler og kommunar får høve til å søke Skyss om å få endra KV skysser i Cert som dei har innvilga dette skoleåret, og som er grunngjeve med ovannemnte. Søknad om endring må sendast til Skyss **innan 10.01.2019**. Søknadene vil bli vurdert etter gjeldande retningslinjer.

Ved spørsmål ta kontakt med [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)